



Alle kommunane i Hordaland

Dato: 19.02.2016
Vår ref.: 2014/13889-15
Saksbehandlar: lisadla
Dykkar ref.:

Tilskotsmidlar til punktutbetring og trygge skuleveggar - søknadsfrist 1. april 2016

Ved fylkestinget si handsaming av sak PS 95/2015 *Årsbudsjett 2016 / økonomiplan 2016-2019* den 9. desember 2015 vart det gjort slikt vedtak:

Midlar til punktutbetring/Trygge skuleveggar

Fylkestinget set av 31,3 millionar til punktutbetringar på fylkesvegnettet.

Fylkesrådmannen skal til fylkestingsmøtet i mars fremje ei sak med aktuelle vegstrekingar prioritert regionvis, med muligheit for rask realisering. Trafikksikring av skuleveggar skal ha høg prioritet.

Vidare handsaming av saka

Utval for miljø og samferdsel (MISA) handsama sak PS 22/2016 *Midlar til punktutbetring og trygg skuleveg 2016* i sitt møte den 10. februar.

Utval for miljø og samferdsel si innstilling til fylkesutvalet:

1. Fylkestinget gjev sin tilslutnad til at tiltak på totalt 21,3 mill kroner vert gjennomført i tråd med forslaget frå Statens vegvesen.

2. Fylkestinget opprettar ei søknadsordning for kommunane, med ei ramme på 10 mill kr. i 2016.

Fylkestrafikksikringsutvalet får ansvaret for denne tilskotsordninga.

Ut frå innstillinga i MISA kan ein seie følgjande om saka. Totalsummen på 31,3 mill kr er todelt, - der størsteparten av midlane (21 mill kr) vart sett av til konkrete tiltak utført på fylkesvegnettet av Statens vegvesen, jf ei eiga liste i saksdokumenta, medan ein tredjepart (10 mill kr) av midlane vart gjort søkbare for kommunane. Det er Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) som får ansvaret for denne tilskotsordninga.

I møte i FTU den 17. februar vart kriteria for tilskotsdelen av midlane (10 mill kr) drøfta. FTU bad administrasjonen om å sende ut brev til alle kommunane i Hordaland om søknadsordninga, men med eit *atterhald* om fylkestinget sitt vedtak i saka den 8.-9. mars 2016.

Om fordelinga av midlane på 31,30 mill kr

Tiltaksliste på 20 mill kr

Statens vegvesen hadde saman med fylkeskommunen utarbeidd ei liste med aktuelle tiltak på totalt 21 mill kr, og desse tiltaka vart valt ut med bakgrunn i trafikktryggleik, trong for mindre utbetringar/punktutbetring og

at dei var gjennomførbare på kort sikt. I saka vart det og lagt fram forslag om at nokre av midlane kunne nyttast til ny asfalt på nokre strekningar.

10 mill kr til tiltak etter søknad

Mange kommunar har ofte ønskje om å få gjort mindre vegtiltak på fylkesvegnettet, men opplever at det tek tid å få desse prioritert på fylkesvegbudsjettet, jf det årlege plan- og byggeprogrammet. Ofte kan dette også vere tiltak som er høgt prioritert i dei kommunale trafikksikringsplanane.

Det er gjerne på lokalt plan at ein best kjenner til utfordringar på vegnettet og utryggleikspunkt i samband med skuleveg. Gjennom å gjere 10 mill kr søkbare for kommunane, oppnår ein at prioriteringa av tiltaka får ei særleg god lokal forankring.

Intensjonen bak midlane er punktutbetring og trygg skuleveg, og dette er ein føresetnad ved tildeling av midlane. Det er kommunane sjølv som skal ha ansvaret for gjennomføringa av tiltaket, og det er difor viktig med ein god dialog mellom kommunen og Statens vegvesen. Vidare vert det opna for at kommunen sjølv kan vere med å dekke delar av tiltaket. Dette må i så tilfelle opplysast om i søknaden.

Krav til tiltaket:

- Tiltaket må skje på fylkesvegnettet.
- Tiltaket må ferdigstillast i løpet av 2016.
- Tiltaket må omfatte punktutbetring og/eller trygg skuleveg.
- Ferdig planlagte prosjekt vil verte prioritert.
- Kommunen er ansvarleg for gjennomføringa. Dette må skje i nært samarbeid med Statens vegvesen.
- Tiltaket må vere forankra hjå ordførar, kommunestyret eller i den kommunale trafikksikringsplanen.
- Tilskotssummen vil maks kunne vere på 2 mill kr.

Om søknadsprosessen

Kommunane må sende inn ein søknad til Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) innan fristen som er sett til 1. april 2016. Søknaden må innehalde ein omtale av tiltaket, samt aktuelle teikningar/kart. FTU vil handsame søknadane på i sitt møte den 27. april. Søknadsskjema for denne tilskotsordninga vil verte ettersendt til kommunane etter handsaminga i fylkestinget.

Søknadsdokumenta skal sendast til hfk@hfk.no og vere merka med saksnummer 2014/13889.

Det vert lagt opp til at mange kommunar skal kunne nyte godt av desse midlane, og det er difor avgrensa kor mange tiltak kvar kommune kan få midlar til. Kommunane må sende inn sluttrapport for tiltaket innan 1. januar 2017. Rapporten vert lagt fram politisk.

Merk at den tilskotsordninga som det her er snakk om ikkje må forvekslast med Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) si tilskotsordning «Tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak» som har ei årleg ramme på 2 mill kr. For den tilskotsordninga gjeld andre avgrensingar, og søknadsfristen for 2016 var allereie 1. januar.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Lise Fauskanger Ådlandsvik
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Midlar til punktutbetaling og trygge skuleveggar, 2016
- 2 Midlar til punktutbetaling og trygge skuleveggar